

REKNESKAP 2012

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 4 410 303.- og eit rekneskapsmessig resultat på kr.198 562.-

Driftsrekneskap

Inntekter

Driftsinntektene er på ca 86,27 mill. kr, ein reduksjon på ca 3% samanlikna med året før. (reduksjonen skuldast i hovudsak “mastetilskotet” i 2011)

Utgifter

Driftsutgiftene ligg på ca 83,4 mill.kr. noko som er ca 1 % lågare enn i 2011.

Einingane:

Resultat i høve budsjett (underskot med negativt forteikn)

	Rekneskap	Budsjett	Resultat
	2012	2012	2012
210/215 Stab/støtte/kultur	9 898 826	9 645 000	-253 826
220 Barnehage	4 390 692	4 213 000	-177 692
230/235 Undervisning/musikkskule.	13 405 528	13 603 000	197 472
240 Helse & sosial	5 031 644	5 189 000	157 356
250 PLO	20 475 507	19 140 000	-1 335 507
270/280 Teknisk/landbruk	5 666 358	5 905 000	238 641

Stab/støtte/kultur viser eit underskot på 253.826.- Størst avvik innan Bibliotek og Næringsutvikling. Barnehagen: underskot på kr. 177.692 – skuldast at lønsmidlar til lærling var underbudsjettet. Undervisning/musikkskule går med kr.197.472 i overskot i høve til budsjett. Hovudgrunnen finn ein i folkemusikkinstruktør-ordninga som vart avvikla tidleg i året. Helse og sosial går med kr. 157.356 i overskot. Her er der stor overskriding innan legetenester, men at eit større barnevernstiltak fall bort, saman med andre innsparingar gjer at ein likevel kjem ut med overskot.

PLO viser eit underskot på kr. 1.335.507.- Største avvika skuldast reduserte inntekter p.g.a lågare tal pasientar/bebuarar, men også noko overskriding innan variabel løn.

Teknisk går med overskot, mest grunna meirinntekter i høve til budsjett.

Brutto driftsresultat:

Er driftsresultat før finansrekneskapen: kr 2.804.312.- som er 3,25% av driftsinntektene.

Finansrekneskap

Resultatet av eksterne finanstransaksjonar er kr. 1.384.157.-, som er 1,46 mill. betre enn budsjettet. Hovudrunnen til dette er kraftfondet som hadde avkastning på kr. 2.412.543.- som er 895.000.- kr. betre enn budsjett. Låge renteutgifter på lån har også gitt ein budsjettreserve.

Netto driftsresultat

Etter finanstransaksjonane kjem ein fram til netto driftsresultat på kr. 4.410.303.- som er 5,1 % av driftsinntektene.

Bruk og avsetjing til fond i driftsrekneskapen:

Det er brukt kr. 1.378.130.- av fond og avsett kr. 2.960.640.- I tillegg er kr. 2.629.231.- overført til investeringsrekneskapen.

Av bruken er kr.55.080.- frå bundne.fond og kr. 1.323.058.- av disp.fond Av dette er kr.300.000.- brukt til kulturføremål (spelemannshistorien). Kr. 200.000.- er brukt til planarbeid.

Det er overført kr. 2.629.231- til inv.rekneskapen. Dette er motteken momskompensasjon på investeringar.

Det er avsett kr. 1.899.030.- til disp.fond . Av dett er kr. 250.000.- gåvemidlar til sjukeheimen og kr. 886.000.- budsjettert overskotsavsetning.

Avsetting til bundne fond utgjør kr. 1.061.610 Av dette er kr. 975.000- avsett tilskotsmidlar frå Husbanken til eksternt byggeprosjekt (“sjøhus på kaia”)

Rekneskapsmessig resultat

Resultatet etter avsetjingar og bruk av avsetjingar er kr 198.562.- (Overskot)

Investering:

Det er i 2012 investert for kr. 13.757.000.-.

Største investeringa har vore opprusting av skulebygget med tilsaman kr. 7,04 mill. Vegnettet er opprusta for kr. 4,098 mill. Heradet har fått kr. 3 mill. kr.- frå Statnett til vegutbetring.

I Sjukeheimsbygget i Mælandshagen er det investert kr. 1,4 mill.

All investering i 2012 er finansiert med fondsmidlar og tilskot.

Heradet har i 2012 vidareformidla Kr. 1.840.000.- i startlån frå husbanken.

Balansen:

Aktiva:

Sum egedelar er bokført pr. 31.12.2012 med kr. 277.837.520.-

Heradet hadde pr. 31.12.2012 kr. 16516634,91 i banken, og kr. 30.869.628.- plassert i ulike fond i finansmarknaden. Bokførte pensjonsmidlar er kr. 91.097.843.-

Passiva:

Lånegjelda utgjør pr. 31.12.2012 kr. 57.443.736.- og er redusert med kr.3.140.087.- frå året før. Ein har ikkje teke opp nye lån i 2012.

Av lånegjelda er kr. 6.881.457.- vidareformidla startlån frå husbanken.

Netto lånegjeld pr. innbygger er kr. 55.746.-. Berekna pensjonsansvar er kr 121.659.467.-.

Sluttkommentar:

Pleie & Omsorg har altfor høgt avvik mellom budsjett og rekneskap også i 2012. Pasienttalet har gått kraftig ned og eigenbetalinga for tenestene svikta, samstundes som ein ikkje har klart å redusera utgiftene tilsvarande.

Dei andre einingane har godt samsvar mellom budsjett og rekneskap.

Heradet hadde også eit bra år i finansmarkedet med god avkastning på “Kraftfondet”, samstundes som ein hadde gunstig rente på lånegjelda. Ein har heller ikkje teke opp nye lån til investeringar i året.

Samla sett gjer dette at ein kjem ut med eit ok resultat i 2012.

Arne Nedkvitne

Øk.sjef